



Møteprotokoll for Teknisk utval

Møtedato: 09.11.2015

Møtestad:

Møtetid: 16:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
John Torsvik	H	Utvalsleiar
Ragnvald Tangedal	AP	Nestleiar
Lillian Andvik	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Willy Borge	Frp	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Tove Kristin Sleire Tistel	V	Willy Borge

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ass. rådmann Sveinung Toft og konsulent Ottar Myrtveit.

Sakliste

Saknr	Tittel
013/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
014/2015	Godkjenning av møtebok
015/2015	Klage på vedtak i TU den 20.10.2015, sak 010/15 om hjortejakt i Fagerdalen/Kringlebotn

013/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

09.11.2015 TEKNISK UTVAL

Geir Egil Haugsvær stilte spørsmål til innkallinga og sakslista, og viste til e-post han hadde sendt den 4. november om dette. Han ba om at denne e-posten vart lagt ved som protokollmerknad:

*Følgjande protokollmerknad frå Geir Egil Haugsvær

I siste møte i TU vart det gjort vedtak om at denne saka skal sendast til Fylkesmannen for endeleg klagehandsaming, jfr. hjorteviltforskrifta §26. Etter mi meining kan ikkje TU handsame denne saka fleire gonger, og møtet må avlysast. Dersom det blir vurdert frå kommunen si side at klagen skal behandlast på nytt i TU må saka utsettast.

Det er svært spesielt at møteinnkallinga kjem dagen etter at klagen er skriven. Administrasjonen har tydeligvis ikkje hatt tid til å gå igjennom klagen og komme med tilråding til TU, noko som dei brukar å gjere i sakspapira.

BKK klagar på at dei ikkje fekk uttale seg ang. klagen frå Anders Vågset før vedtak vart gjort i forrige møte. Skal me ta dei to første klagepunkta alvorleg, må me utsette saka til Anders Vågset har fått uttale seg til denne klagen.

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - 013/2015 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

014/2015: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

09.11.2015 TEKNISK UTVAL

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - 014/2015 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

015/2015: Klage på vedtak i TU den 20.10.2015, sak 010/15 om hjortejakt i Fagerdalen/Kringlebotn

Rådmannen sitt framlegg:

Klagen vert lagt fram til teknisk utval til handsaming.

09.11.2015 TEKNISK UTVAL

Leiar John Torsvik orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Det kom to framlegg til vedtak.

John Torsvik kom med følgjande framlegg til vedtak:

« Teknisk utval tek klagen frå valdansvarleg Frode Langhelle dagsett 02.11.2015 til følge. Vedtaket gjort i TU den 20.10.2015, sak 010/2015 vert oppheva.»

Geir Egil Haugsvær kom med følgjande framlegg til vedtak:

« Klagen frå valdansvarleg Frode Langhelle dagsett 02.11.2015 vert ikkje teke til følge. Det vert ikkje gjeve utsetjande verknad på vedtaket som vart gjort i Teknisk utval, sak 10/2015.

Som grunngeving for vedtaket vert det vist til hjorteviltforskrifta sin § 11 der det står:

"Kommunen eller villreinnemnda kan til en hver tid kreve at det fremmes ny søknad om godkjenning av et vald dersom rettighetsforholdene i valdet er uklare eller tellende areal er endret. Kommunen eller villreinnemnda kan også kreve at de opplysninger som er gitt i søknaden bekreftes eller dokumenteres på nytt.."

Klagen vert i medhald av hjorteviltforskrifta sin § 26 sendt over til Fylkesmannen i Hordaland til endeleg klagehandsaming.

Røysting:

Framlegget frå John Torsvik fekk to røyster (John Torsvik og Ragnvald Tangedal)

Framlegget frå Geir Egil Haugsvær fekk tre røyster (Geir Egil Haugsvær, Lillian Andvik og Tove Kristin Sleire Tistel)

TU - 015/2015 VEDTAK:

Klagen frå valdansvarleg Frode Langhelle dagsett 02.11.2015 vert ikkje teke til følgje. Det vert ikkje gjeve utsetjande verknad på vedtaket som vart gjort i Teknisk utval, sak 10/2015.

Som grunngeving for vedtaket vert det vist til hjorteviltforskrifta sin § 11 der det står:

"Kommunen eller villreinnemnda kan til en hver tid kreve at det fremmes ny søknad om godkjenning av et vald dersom rettighetsforholdene i valdet er uklare eller tellende areal er endret. Kommunen eller villreinnemnda kan også kreve at de opplysninger som er gitt i søknaden bekreftes eller dokumenteres på nytt.."

Klagen vert i medhald av hjoreviltforskrifta sin § 26 sendt over til Fylkesmannen i Hordaland til endeleg klagehandsaming.

Rett utskrift av møteprotokoll frå teknisk utval den 09.11.15 vert vitna:

John Torsvik
leiar

Ottar Myrtveit
konsulent